

25

Takk og be for skulane i regionen vår, og særleg for Nordhordland folkehøgskule. Be om at dei kristne lærarane får formidla Jesu kjærleik til alle.

Lukas 19, 10.

26

Takk for Jesu soning for alle våre synder. Be om hjelp til å bekjenne synder, venda om og leva i nåden.

1. Johannes 1, 9 og 3, 20.

27

Takk og be for dei eldre, og for dei som kjenner seg einsame mellom oss.

Job 35, 14. Jesaja 46, 4.

28

Takk og be for misjonsprosjektet vårt i Bangladesh og misjonærene som arbeider der. Takk og be for dei kristne i landet.

Matteus 28, 19-20.

29

Takk og be for tentesteteam og husgrupper i Norkirken Nordhordland. Be om at den Heilage Ande får verka i og gjennom oss.

Efesarane 3, 14-21. Romarane 15,13.

30

Takk og be for Israel. Be om fred for Jerusalem og om vern for alt Guds folk i regionen vår. Be og for alle muslimar om at dei får eit møte med den levande Gud.

Salme 122, 6-7 og 126, 5.

31

Takk for det fantastiske håpet me har i Jesus. Be om at me kvar dag fester blikket på han og står faste i trua.

Hebrearane 12, 1-3.

Blir de verande i meg,
og blir orda mine verande i dykk,
så bed om kva de vil, og de skal få det.

Johannes 15, 7.

Vår Far

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik
som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld

slik vi og tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra
i alle æve.

Amen

Velsigning

Herren velsigne deg og vare deg!

Herren la sitt andlet lysa over deg og vere
deg nådig!

Herren lyfte sitt andlet mot deg og
gje deg fred!

4 Mosebok 6, 24 –26.



BØNNE- KALENDER

Visjon

Me vil æra Gud og
formidla hans
kjærleik

 **norkirken**
nordhordland

- 1** Takk for alle Herrens velgjerningar. Be om at me får spreia hans godleik og kjærleik til naboar, venner og familie. **Salme 103, 1-5.**
- 2** Takk og be for ungdomsarbeidet og særleg Skrul. Be om visdom og kraft til alle med leiaransvar, og at ungdommane får erfara Jesu kjærleik og vennskap. **1. Timoteus 4, 12-16.**
- 3** Takk for alle bønnesvar. Be om at me ser små og store bønnesvar i kvardagen vår, og at me blir eit bedande fellesskap. **Johannes 14, 13-14.**
- 4** Takk for gleda me har i Herren. Be om hjelp til å dela denne gleda med andre. **Filipparane 4, 4-5.**
- 5** Takk for Mariann og tenesta hennar. Be om vern og velsigning over henne, John og borna. **Jesaja 58, 11.**
- 6** Takk for at Guds ord er levande og at det aldri vender tomt tilbake. Be for forkynnar-teamet vårt. **Jesaja 55, 10-11. 2. Timoteus 4,2.**
- 7** Takk for at Jesus er vintreet og me greinene. Be om at me får bera frukt som varer og gir evig liv. **Johannes 15, 1-5.**
- 8** Takk for alle engle- og kongebarna i Norkirken Nordhordland. Be om at barna får læra Jesus å kjenna og bli glad i han. **Markus 10, 13-16.**

Herren er god mot dei som ventar på han og søker han. Det er godt å vera stille og venta på hjelp frå Herren.
Klagesongane 3,25-26.

- 9** Takk for at Gud er trufast. Be om at me lærer oss å stola på han i kvardagen. **1. Korintar 1, 9.**
- 10** Takk for at Gud er vår redning og venn. Be for dei som kjenner på tvil, er redde og slit med angst. **Jesaja 41, 10. Salme 40, 2-4.**
- 11** Takk og be for Anne Hilde, Arve og familien deira. Be om vern og Guds trufaste leiing. **Salme 29, 11. 5. Mosebok 33, 25b.**
- 12** Takk og be for dei kristne fellesskapa i regionen vår. Be om einskap og velsigning over arbeidet. **Kolossarane 1, 9-14.**
- 13** Takk for Herrens nåde. Be om at me får vera eit inkluderande fellesskap der menneske kjenner seg elska og verdsette. **Romarane 12, 9-13. 1. Johannes 4, 11-12.**
- 14** Takk og be for alle innflyttarar i regionen vår, og særleg for dei framandspråklege. Be om at dei må trivast og oppleva fellesskap og tryggleik. **Matteus 25, 34-40.**
- 15** Takk og be for dei som blir forfølgde for Jesu namn si skuld. Be om fridom, styrke og vern for dei og familiane deira. **Jakob 5, 7-11. 2. Korintar 4, 16-18.**
- 16** Takk og be for lovsangsteama våre, barne-team, tweenteam, og vaksenteam. Be om at Gud fyller dei med inspirasjon og formidlings-kraft. **Salme 100, 1-5.**

Ver uthaldande i bønna, vak og be og takk Gud!
Kolossarane 4,2.

- 17** Takk for at Gud skaper noko nytt. Be om at me får leva i hans plan med våre liv, og at hans vilje får skje gjennom oss. **Jesaja 43, 16-21.**
- 18** Takk og be for naboar, kollegaer, venner og dei me treffer i kvardagen vår. Be om visdom til å formidla Guds godheit. **1. Johannes 4, 11-16 og 19.**
- 19** Takk for be for konfirmantane våre og for arbeidet med TenTro. Be om at dei unge får møta den levande Gud, og om mot og kraft til alle som er leiarar. **Romarane 10, 13.**
- 20** Takk for namnet Jesus. Takk for at han er Skapar, Frelsar, Venn, Fredsfyrste, Konge, veldig Gud og evig Far. Be om at alle må bøye kne for dette namnet. **Filipparane 2, 10-11.**
- 21** Takk og be for kristne leiarar i Noreg. Be om at dei får vera lys og salt, og at Guds Ande får verka gjennom dei. **Romarane 8, 28-32.**
- 22** Takk og be for ungdommane våre i B-tween og UNO. Be om at trua deira får veksa og at dei blir bevarte hos Gud. **Salme 91, 11.**
- 23** Be for alle som er sjuke mellom oss. Be om Jesu helbredande nærver for dei. **Lukas 1, 37. Jesaja 40, 29.**
- 24** Takk og be for det vakre landet vårt. Be for Storting, regjering og kongehus, og om at dei styrer etter Herrens vilje. Be også om visdom og mot for kristne politikarar. **Salme 103, 17-18. 1. Timoteus 2, 1-4.**